

Vellydt frå "Uhørt" i Brattvåg:

Sesongavslutning med kjempekonsert



Eit stort og entusiastisk publikum fekk oppleve ein stor konsert med rockekoret "Uhørt" i ID-huset torsdag kveld. Koret som vart starta i 2011, har nådd eit imponerende nivå både innan song og koreografi.

BB • BJØRN STEINAR SKARBØ

Vi skal her konsentrere oss om «Bohemian Rhapsody» av Freddie Mercury spelt inn av "Queen" til plata "A night at the opera" i 1975. Uhørt hadde plassert denne vel halvvegs ut i konserten og det var den store musikalske utfordringa dei hadde lagt på seg denne gongen, fortalde dei etterpå.

Denne songen er ein av dei mest påkostade singelinnspelingane som er gjort i platehistoria og det er ei innspeling der Queen verkeleg får vist sine musikalske kvalitetar. Ikkje minst som vokalistar. Det er brukt særdeles avanserte innspelingsteknikkar med tallause lag av stemmer oppå ein annan for å få til kraft, fylde og høge i dei aktuelle partia.

Det er med andre ord ein song som er særdeles krevjande å framføre for nær sagt kven det skal vere. Mange som har prøvd seg på songar av Queen, har fått merke at det dei måtte ha trudd på førehand om at dette skulle gå greitt, har fått merke at så ikkje er tilfelle. At det er ei oppgåve for vaksne songarar. Ikkje minst denne.

Den rette avslutninga

Når så "Uhørt" klarte denne oppgåva med slik bravur som dei gjorde, er det rett og slett imponerende. Spesielt dei som song solo, men også dei som song kor og alle for sceneshowet. Dette var heil- og velstaba ved som lyfta konserten og stemninga nokre ekstra hakk.

Faktisk drog den slik opp,

Tøft scenemiljø med mørke fargar, røyk, lys og enkle dekorasjonar. Men fargerike ungdommar.

at den nesten kom litt feil plassert i konserten. Dette var eit typisk finalenummer, og burde slik sett ha kome til slutt.

Det gjorde den også. Som ekstranummer etter at koret - noko motvillig - let seg lokke fram til ein låt til. Publikum prøvde seg med ståande trampeklapp, men det varte og rakk og ingen viste seg på scena att. Til slutt stilna applausen, men publikum ville ikkje gå. Så fekk dei likevel viljen sin, - og den rette avslutninga.

14 av 15 frå 13 til 20

Uhørt er samansett av 15 ungdommar frå 13 til ca 20. 14 av dei er jenter, og kvifor ikkje fleire gitarar melder seg, er ei lita gåte.

Men dei får sjansen når øvingane startar på ny 20. august.

«Summer rockation» hadde dei kalla konserten sin, og musikkutvalet bestod elles for ein stor del av street music framført i eit røft scenemiljø akkompagnert av eit særdeles kompetent band. Framsyninga gjekk

i eitt og varde godt over halvannen time.

Koret kan dermed ta sommarferie med godt samvit. Leiar Turid Skjelten ville ikkje avsløre detaljar, men stadfesta at dei vurderer å framføre eit musikkspel ved neste høve, og der er mange å velje mellom også innanfor den sjangeren Uhørt har plassert seg i. På den andre sidan klarar dei nok mange sjangrar, er vi overtydd om.

100

NOGVA NANNI
> Jubileumskampanje

N2.10 - 10 HK
> 45.194,-

N3.21 - 21 HK
> 59.785,-

N3.30 - 29 HK
> 72.624,-

N4.38 - 37,5 HK
> 87.429,-

N4.50 - 50 HK
> 104.906,-

N4.60 - 60 HK
> 113.762,-

N4.85 - 85 HK
> 141.715,-

N4.100 - 100 HK
> 153.562,-

N4.115 - 115 HK
> 165.909,-

T4.165 - 165 HK
> 198.940,-

T4.200 - 200 HK
> 213.375,-

6.420 TDI
- 320 HK
> 274.650,-

Alle motorer fra og med N4.38 leveres med sluregear. Alle priser inkl. mva og hk-avgift.

NOGVA

NOGVA MOTORFABRIKK AS
N-6280 SØVIK

T +47 70 20 84 00

F +47 70 20 84 10

E-POST firmapost@nogva.no

> nogva.no



Synne R. Reitan på scenekanten t.v. og Andrea Rogne.



"He's just a poor boy, from a poor family". Dyon Buitenkamp imponerte som ein av solistane på "Bohemian Rhapsody"



Uhørt hadde med seg eit svært kompetent band. F. v. Ivar Holsvik, Ketil Strand, Bjørn